

Nordre Solend Gård - Greve
Solendvegen 245
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10092 - 22/9290

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
01.02.2022

Landbrukssak GBNR 447/1 Solend Nordre - Rapport frå kontroll av søknad om produksjonstilskot

Rapport frå arealkontroll -søknad om produksjonstilskot 15.10.21

Kommunen skal kontrollera at areal og kulturlandskapstilskot til jordbruksareal er i tråd med søknad og at vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet er oppfylt. Kontroll av produksjonstilskot er heimla i § 10 forskrift om produksjon .

Utgangspunkt for kontroll er i tillegg til søknadsskjema og gardskart georeferert dronefilm frå 29.08.21. Det er dei areala på Manger som ligg innanfor filmområdet som har vorte kontrollert, dvs at det ikkje er kontrollert leigejord eller teigar som ligg utanfor det dronefilma området. Ein fekk ikkje utført stadleg kontroll då det låg snø i kontrollperioden.

Konklusjon:



Mesteparten av arealet ser ut til å vera i god drift og oppfyller difor vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon og stettar miljøkrava. Ein liten del av innmarksbeite ned mot bekken/vatn fyller kanskje ikkje krav til innmarksbeite, men dette må ein eventuelt ta i samband med ajourhold av kartlaga.

Føretaket ditt er trekt ut for kontroll fordi ein ynskjer meir fokus på areal i drift og rett utfylling av søknad om produksjons- og avløysartilskot. Føremålet med kontrollen er at den skal virka skjerpande og rettleiande for foretaket.

GBNR	Namn foretak	Driftsform	Dato
447/1	Nordre Solend Gard Greve	Sau, geit, gris, lama, gras, bier	01.02.2021

Kart/opplysningar frå søknad:

søknad 15.10.2021	Namn	Fulldyrka	overflatedyrka	Innmarksbeite	Sum	
GBNR	447/1	Martin Møller Greve	15	9	50	74



Vanleg jordbruksproduksjon	Arealkontroll	Ja/Nei	Kommentarar
Arealet er hausta/beita - minimum 1 gong i vekstsesongen	- er det utført gjødsling, slått/beiting, jordarbeiding, -såing, plantevern el.l	Ja	Arealet ser ut til å vera slått eller beita
Drifta har næringsmessig preg og god agronomisk praksis -Arealet skal ikkje skilja seg vesentleg frå området rundt	Framstår arealet som i drift/ stelt?	Ja	Skil ikkje vesentleg frå arealet rundt, med eit unntak som nemnd over.
Areal ute av drift -er det noko areal ført som ute av drift på søknaden	Ser arealet ut som det ikkje har vorte slått/beita i vekstsesongen	Nei	
Miljøkrav – kulturlandskap Inngrep som t.d fjerning av steingardar, sprenging av åkerholmar m.m	Er det gjort inngrep som forringar kulturlandskapet ?	Nei	Ingen synlege inngrep
Miljøkrav - vegetasjonssone (normal hausting/skjøtsel er tillate)	Er det 2 meter vegetasjonssone til bekk, elv og vatn?	Ja	Brei vegetasjonssone til bekk. Nokre jordbruksgrøfter som har lagt opne ei stund er lukka.
(vedlikehald av opne kanalar og grøftesystem er tillate)	Er det gjødsla eller jordarbeidd, nærmare enn 2 meter frå bekk, elv og vatn	Nei	Ingenting som tydar på at det er gjødsla eller gjort andre ting i kantsoner

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nordre Solend Gård - Greve

Solendvegen 245

5936

MANGER